

Referat frå medlemsmøte torsdag 21.02.2002

Sakliste:

1. utdanning av instruktørar og gruppeleiarar.
 - a. Det vart informert frå Rune si side om at Roald og Rune er påmeldt instruktørkurs på Nøtterø, det første i sitt slag arrangert av Noregs padleforbund og er eit pilotprosjekt i utdanninga av instruktørar. Det er teori og instruksjon i april og eksamen i august.
 - b. Det vart og informert om at styret ønskjer at fleire av klubbens medlemmer kan vere gruppeleiarar på torsdagspadlingane og på dagsturar. Spesiell opplæring til desse blir gitt, då med fokus på redningsteknikkar og ymse forholdsreglar ved turpadling.
2. Informasjon om grunnkurs, påbyggingskurs og havkurs.
(kan du skrive litt om dette Rune?)
3. Informasjon om treningane framover, ute og i symjehallen.
 - a. Treningane blir som før kvar torsdag kl 17.30 gjennom heile sesongen, med avgang frå asfaltverket. I sommarhalvåret kan det bli aktuelt å reise utover fjorden for å få litt variasjon, men oppmøteplass blir ved asfaltverket og så bestemmer vi i fellesskap om vi skal reise til Naustdal, Hollevik eller andre plasser. Så ver presis!
 - b. Trening i symjehallen er lagt på is fordi Førdehuset krev blodpris for leige av symjehallen. Dei opererer med ein leigepris på 400kr pr. time, og det ser vi oss ikkje råd til. Så foreløpig må vi stålsette oss og trenre ute!
4. Info og diskusjon om turprogram for 2001. Forslag til nye tur er velkomne.
 - a. Det vart ytra ønskje om å prøve å finne gode turmål i nærområdet, der det er relativt kort køyreavstand, slik at det går an å vere med på deler av turen, for så å reise heim f.eks på laurdag ettermiddag for å ha litt igjen av helga til å vere saman med familien.
 - b. I tillegg så var det ønskjeleg at det blir informert endå betre om kva ferdighetsnivå som krevst på dei enkelte turane. Turane til Nærøyfjorden, Solund og til Bulandet, var turar som styret meinte høvde godt for nybegynnarar, med korte dagsetappar, og roleg, skjerma farvatn om veret vart for ille. Styret meinte vel at vi hadde gitt informasjon om desse turane, og Nærøyfjorden var i så måte også god oppslutnad på, men informasjonen skal bli betre. Satsar på at informasjon om turane kan hentast frå heimesida når ei aktiv turgruppe og ei aktiv heimesidegruppe er oppe og går. Men det må og understrekast at den enkelte medlem sjølv må vere aktiv i å finne ut når det er turar, og å ta initiativ til å spørje ein i styret/turgruppa om det er noko tur på gang, og om kva som krevst for å vere med på dei enkelt turane, om det ikkje er klart ut frå informasjon på heimesida.
 - c. Turmål: Medlemmane vart oppfordra til å komme med forslag til turmål. Vi har allereie booka 12. - 14.april med overnattingstur til Stavøya. Geir har ordna ei kjempeflott hytte med plass til mange, også små familiemedlemmar. Mulegheit for bruk av tresnekke +++. Området er kjempesupert for padling. Elles så kom det forslag om organisert tur til Runde i mai, med eit mindre verhardt alternativ i tilfelle dårlig ver. Påtroppande turgruppe har notert dette og vil komme tilbake med informasjon om datoar etterkvart. Vi tar og stilling til om vi skal fortsette med den tradisjonelle turen til Bulandet i august.
5. Ymse: Ingen saker
6. Lysbilete: Roald viste nokre lysbilder frå ulike padleturar.